

# Europa, Noreg og krisa til universitetet

**I Irland er det satt i gang ein større kampanje for å forsvare universitetet.**

Opprettet 11.04.2014 - 15.39    Sist oppdatert 24.04.2014 - 13.07



Meir enn andre i EU-området er dei irske universiteta underfinansiert, kommersialisert og styrt av ein administrasjon som søker å fremme sal av human-kapital i ein marknad for utdanningstenester. Kampanjen «Defend the University» er satt i gang fordi ei slik utvikling er ein trussel mot den akademiske fridomen og mot demokratiet generelt.

Dei fleste av omleggingane i Irland, særleg fokuset på «human-kapital», er i tråd med EU sin universitetspolitikk.

Noreg har og tilpassa seg EU, førebels med størst konsekvensar for dei humanistiske faga. I ei innstilling frå ein komite sett ned av Fritt Ord blir det vist at humaniora er fråverande i dei siste offentlege forskingsmeldingane. Når «human-kapital» er målet, blir humaniora marginalisert. Dette har konsekvensar både for universitetet og for demokratiet. Humaniorautvalet spør om Noreg er tent med å overlate forskingspolitikken til EU.

## **Innleiarar:**

**Ronnie Munck:** Forsvar universitetet!

**Kristin Asdal:** Kva skal vi med humaniora?

Professor Ronnie Munck, Dublin City University, er ein av initiativtakarane til aksjonen [Defend the University](#)

Professor Kristin Asdal, Senter for Teknologi, innovasjon og kultur (TIK), Universitetet i Oslo, er medlem av utvalet bak rapporten «Hva skal vi med Humaniora?» (tilgjengeleg hos «Stiftelsen Fritt Ord»).

Møtet vi gå føre seg på engelsk.

Møteleiar: Tor Halvorsen

DATO:

07.05.2014 - 14.15 til 16.00

KONTAKT:

[Nils Gunnar Songstad](#)

STED:

Muntlig, Studentsenteret

TYPE ARRANGEMENT:

Foredrag

